

## *Pedagogisk ståstad*

*Visjon og verdigrunnlag ligg til grunn for vår pedagogiske ståstad.*

*”På Holdhus oppvekstsenter skal me ha eit trygt og triveleg miljø som gjev rom for individuell utvikling. Me vil at borna, gjennom sine år ved Holdhus oppvekstsenter, skal få gode tilhøve til å utvikla sosial,- metode- og fagkompetanse. Me ønskjer å vera ein del av eit aktivt miljø der leik, medverknad og fysisk aktivitet er ein naturleg del av kvardagen.”*

### *Me vil arbeida for sosialkompetanse:*

*Holdhus oppvekstsenter skal i samarbeid og forståing med heimen arbeida for å utvikla evnene og føresetnadane til borna, slik at dei kan bli godt fungerande og sjølvstendige menneske i heim og samfunn. Vår sosiale læreplan er rettesnor i dette arbeidet.*

### *Me vil arbeida for metodekompetanse:*

*Holdhus oppvekstsenter ønskjer å møte borna der dei er, og utvikla dei vidare. Me ønskjer å bruka metodar som gjev borna best mogleg læringsutbyte, og bevisstgjera borna sin eigen læringsprosess. MILL (mange intelligensar – læringsstilar – læringsstrategiar) er vår rettesnor i dette arbeidet.*

### *Me vil arbeida for fagkompetanse:*

*Holdhus oppvekstsenter ønskjer å nå måla i Rammepleanen og Kunnskapsløftet. Me ønskjer å utvikla eit læringsmiljø som gjev eit godt fagleg utbyte til borna. Bl.a. er den nye arbeidsplanen, årsplanen, kompetanseheving og ein lærande organisasjon rettesnor i dette arbeidet.*

*Det er viktig å ha kunnskap om ulike metodar for undervisning. Me trur at det viktigaste er å dra det beste ut frå ulike retningar, og ikkje nødvendigvis reindyrka ein stil. Ut frå det ønskjer me å arbeida heilskapleg, systematisk over tid med det me har tru på.*